

## **RETNINGSLINE FOR KULTURPRIS I ALVER KOMMUNE**

Alver kommune kan kvart år dele ut kulturpris. Prisen skal gå til einskildperson, lag eller organisasjon som har gjort ein særskilt innsats innan kulturarbeid, til beste for innbyggjarane i Alver kommune.

- §1. Alver kommune sin kulturpris vert delt ut ein gong pr. år.
- §2. Formålet med kulturprisen er å anerkjenne aktiv innsats innan kulturlivet i kommunen eller bidrag til å gjere Alver kommune kjend elles i landet på eit kulturelt plan.
- §3. Einskildpersonar, lag og organisasjonar busett i og utanfor kommunen med tilknytting til kulturlivet i Alver kommune, kan bli vurdert ved tildeling av kulturpris. Alle greiner innan kulturlivet blir rekna som jamgode: Song, musikk, dikting, drama, biletkunst og anna kulturell aktivitet.
- §4. Kulturprisen kan gjevast same person/organisasjon berre ein gong. Prisen kan unntaksvis bli delt på fleire kandidatar.
- §5. Utlysing av kulturprisen vert gjort kjend i lokalpressa og på kommunen si heimeside og sosiale medium i god tid. Frist for å sende forslag er 15. oktober.
- §6. Alle kan sende inn eit skriftleg, grunngjeve forslag til kandidatar til Kulturprisen. Det skal gå fram av forslaget kven som har foreslått kandidaten/-ane. Kommunen kan sjølv fremje forslag på kandidatar.
- §7. Ein komité samansett av tre representantar utgjer jury for kulturpris · Ein representant frå Utval for oppvekst, kunnskap og kultur · Ein representant frå Alver idrettsråd · Ein representant frå Alver kulturråd  
  
Ein representant frå kulturtenesta er sekretær for juryen.  
  
Kulturprisen vert delt ut av ordførar.
- §8. Kulturprisen er sett saman av eit diplom og ein gåve.

## **RETNINGSLINE FOR IDRETTSPRIS I ALVER KOMMUNE**

Alver kommune kan kvart år dele ut idrettspris. Prisen skal gå til einskildperson, lag eller organisasjon som har gjort ein særskilt innsats innan idrett, til beste for innbyggjarane i Alver kommune.

- §1. Alver kommune sin idrettspris vert tildelt ein gong pr. år.
- §2. Formålet med idrettsprisen er å anerkjenne aktiv innsats innan idrett i kommunen eller bidrag til å gjere Alver kommune kjend elles i landet gjennom idrettsrelatert aktivitet.
- §3. Einskildpersonar, lag og organisasjonar busett i og utanfor kommunen med tilknytting til idretten i Alver kommune, kan bli vurdert ved tildeling av idrettspris. Alle greiner innan idretten blir rekna som jamgode.

- §4. Idrettsprisen kan gjevast same person/organisasjon berre ein gong. Gåva kan unntaksvis bli delt på fleire kandidatar.
- §5. Utlysing av idrettsprisen vert gjort kjend i lokalpressa og på kommunen si heimeside og sosiale medium i god tid.  
Frist for å sende forslag er 15. oktober.
- §6. Alle kan sende inn eit skriftleg, grunngjeve forslag til kandidatar til idrettsprisen. Det skal gå fram av forslaget kven som har foreslått kandidaten/-ane. Kommunen kan sjølv fremje forslag på kandidatar.
- §7. Ein komité samansett av tre representantar utgjer jury for idrettspris · Ein representant frå Utval for oppvekst, kunnskap og kultur · Ein representant frå Alver idrettsråd · Ein representant frå Alver kulturråd
- Ein representant frå kulturadministrasjon er sekretær for juryen.
- Idrettsprisen vert delt ut av ordførar.
- §8. Idrettsprisen er sett saman av eit diplom og ein gåve.

#### **RETNINGSLINE FOR FRIVILLIGHEITSPRISEN I ALVER KOMMUNE**

Alver kommune kan kvart år dele ut ein frivilligheitspris. Prisen skal delast ut til einskildpersonar eller lag/organisasjonar som har utført ein særleg frivillig innsats og engasjement innan kultur, idrett, helse, oppvekstmiljø, seniorsak eller humanitært arbeid til beste for innbyggjarane i Alver kommune.

- § 1 . Alver kommune sin frivilligpris vert delt ut ein gong pr. år.
- §2. Formålet med prisen er å markere og synleggjere frivillige og frivillig innsats innan kultur, idrett, helse, oppvekstmiljø, seniorsak eller humanitært arbeid, og å fremje frivillig engasjement.
- §3. Lag/organisasjonar eller einskildpersonar som får tildelt frivilligpris skal ha tilknytting til Alver kommune, og ha sitt verke i kommunen.
- §4. Frivilligprisen kan gjevast same person/organisasjon berre ein gong. Gåva kan unntaksvis fordelast på fleire kandidatar.
- §5. Utlysing av frivilligprisen vert gjort kjend i lokalpressa og på kommunen si heimeside og sosiale medium i god tid.  
Frist for å sende forslag er 15. oktober.
- §6. Alle kan sende inn eit skriftleg, grunngjeve forslag på kandidatar til frivilligprisen. Det skal gå fram av forslaget kven som har foreslått kandidaten/-ane. Kommunen kan sjølv fremje forslag på kandidatar.

§7. Ein komité skal vere samansatt av tre representantar utgjer jury for frivilligpris · Ein representant frå Utval for oppvekst, kunnskap og kultur · Ein representant frå Alver idrettsråd.

Ein representant frå Alver kulturråd

Ein representant frå frivilligsentralen er sekretær for jury.

Frivilligprisen vert delt ut av ordførar i samband med FN sin internasjonale frivilligdag. 5. desember kvart år, eller ved eit høveleg arrangement tilknytt denne.

§8. Frivilligprisen er sett saman av eit diplom og ein gåve.